



# DEN NORSKE KYRKJA

## Prosten i Nordhordland

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

Fellesråda i Masfjorden, Gulen og Solund

## Lokal delfinansiering av prestestillingar i Masfjorden, Gulen og Solund

Orientering om bakgrunnen for framlegg frå prosten

### Historikk

Det var på 1500-talet kongen som bestemte at Noreg skulle vere eit evangelisk-luthersk land og at alle innbyggjarane skulle vere kristne lutheranarar. I einvaldstida som følgde var alle prestane kongen sin embetsmenn som utførte dei tenestene kongen påla dei. Kongen eigde også alle kyrkjene. Kongen var på alle måtar kyrkja sin øvste leiar, som også bestemte kor mange gudstester det skulle vere i kyrkjene.

På 1700-talet fekk kongen så store økonomiske utfordringar at han såg seg nøydd til å selje kyrkjebygningane på auksjon. Kyrkjebygningane vart stor sett kjøpt opp av private, men på 1800-talet gradvis overtekne dei lokale kyrkelydane og vedlikehaldne av lokale midlar. Etter kvart vart dei fleste av desse gamle kyrkjene som ein hadde fått eigedomsrett til, erstatta med nye kyrkjer som var lokalt finansierte. Stillingar som vart knytt til kyrkjebygningane, slik som klokkar, medhjelpar, kyrkjetenar, organist måtte sameleis finansierast lokalt. Men prestane vart verande kongens embetsmenn i 1814, og kyrkja vart framleis ei statskyrkje med kongen som overhovud. Kongens rett til å forordne gudstenester (bestemme kor mange gudstenester det skal vere i kvar kyrkje) vart innført i Grunnlova (§16).

I utviklinga som følgde fram mot vår tid vart desse to spora stor sett ståande: På den eine sida prestane som representerte kongens embetsverk, og på hi sida kyrkjebygningane og alle dei lokalt tilsette i kyrkja som var finansierte lokalt.

Men gjennom dei siste 50 åra har ein sett at denne todelinga har byrja å forvitre:

- a. Etter kvart tok ein til å tilsetje prestar lokalt med lokal lønn i tillegg til dei som hadde statleg løn (50 på landsbasis i 2007).
- b. Tilsetjing av statlege prestar vart i 1986 delegert frå staten til Bispedømmeråda, og prestane som no vart tilsette, vart ikkje lenger embetsmenn.
- c. Staten gav eit visst tilskot til nokre andre stillingar som var tilsett lokalt: Kateketar, diakonar og seinare tilsette i trusopplæringa.
- d. Stortinget gjorde vedtak om at statskyrkja skal avviklast. Avviklinga skjer i praksis 1. januar 2017.
- e. Den nye kyrkja som er skilt frå staten, vil inntil vidare få eit visst tilskot overført frå statsbudsjettet kvart år. Kva kyrkja vil bruke desse pengane til, er opp til kyrkja sjølv å bestemme. Løn til prestar er ei av mange oppgåver. Erfaringane så langt synest å vise at det ikkje vil vere rom for like mange prestar som før hadde på dei sentrale midlane.

- f. Kyrkjemøtet har gjort eit prinsipielt vedtak om at skiljet mellom dei to linjene i kyrkja skal avviklast, slik at alle tilsette i kyrkja, inkludert prestane, skal tilsetjast og lønast av det same organet. Saka var oppe på Kyrkjemøtet i 2016, men ein kom ikkje til semje om korleis dette skulle gjerast i praksis og kva organ det var som skulle tilsetje og løne alle løna medarbeidarar i kyrkja. Difor utsette ein saka.

## Prest i Nordhordland prosti

Nordhordland prosti omfatta fram til 2012 kommunane Osterøy, Meland, Radøy, Austrheim, Fedje, Lindås, Modalen og Masfjorden. Då vart det gjort ei regulering av prostigrensene slik at Osterøy gjekk ut av prostiet, medan kommunane Gulen og Solund kom inn i prostiet. Prostiet var tidlegare inndelt i prestegjeld, og ein prest var tilsett i eit prestegjeld, men i 2004 vart den organisatoriske eininga «prestegjeld» avvikla og prestane vart tilsett med prostiet som arbeidsområde.

Det som no er Nordhordland prosti, var då inndelt i 19 sokn og kvar prest hadde eit hovudansvar for visse sokn, men kunne gjere teneste kvar som helst i prostiet. Prostiet hadde då 11 prestar + prosten.

Prestane var spreidde utover prostiet etter gamal praksis, som tidlegare var forankra i den gamle prestegjeldsideen som sa at kvart prestegjeld skulle ha sin sokneprest. I 2008 vart det sett i gang eit stort utgreiingsarbeid i Bjørgvin bispedøme som skulle finne ut om dei prestane som bispedømet hadde på si lønningsliste, var «rettferdig» fordelt i høve til folketal og arbeidsoppgåver. Resultatet viste at ein jamt over hadde for få prestar i heile bispedømet, i snitt var det ca. 3200 medlemmer pr. prest, men det var ingen utsikter til å få større overføringar frå statsbudsjettet. Sjølv om ein kompenserte for reiseavstandar og utfordrande geografi, så kom ein til at nokre prosti måtte redusere talet på prestar og at desse prestane skulle overførast til prosti der utfordringane var enno større.

Nordhordland prosti fekk behalde det talet på prestar som ein hadde, men bispedømerådet gjorde vedtak om at ein halv prestestilling måtte overførast frå området Solund, Gulen og Masfjorden til Meland. Dette fordi stillingane ikkje hadde vorte tilpassa folketalsutviklinga over lang tid. Solund hadde ein prest til 672 medlemmer, Masfjorden hadde ein prest til 1570 medlemmer og Gulen hadde ein prest til 2040 medlemmer. Meland på si side hadde ein prest på bispedømmet si lønningsliste til 6380 medlemmer.

Bispedømmerådet meinte prosten måtte kunne organisere alle prestetenester i Gulen, Solund og Masfjorden med to stillingar, samt at han skulle kunne nytte 40% prestestilling frå Sunnfjord prosti, samt 10% til konfirmantundervising, totalt 2,5 stillingsressurs.

## Praksis og erfaring

Prosten sin måte å løyse denne utfordringa på, var å gje ein prest eit hovudansvar for Solund sokn og Mjømna sokn i Gulen. Den andre presten fekk ansvar for Gulen sokn og dei tre sokna i Masfjorden. Presten frå Sunnfjord prosti fekk eit hovudansvar for Brekke sokn i Gulen. Erfaringane med denne organiseringa var noko blanda. Opp mot ein tredjedel av arbeidstida gjekk vekk i reiser. Gulen vart delt mellom tre prestar. Masfjorden måtte dele prest med Gulen sokn. I og med at denne presten budde i Eivindvik og hadde sitt hovudkontor der, vart han ikkje så nær knytt til sokna i Masfjorden og kontoret på Sandnes. Presten sjølv opplevde arbeidssituasjonen som svært krevjande. Fleire innspel til prosten peika på at kontakten mellom prestane og lokalsamfunnet hadde vorte svekka.

Etter møte med bispedømekontoret og dei involverte prestane våren 2016 bestemte prosten at vi frå 1. september vil omorganisere prestetenesta slik at ein prest får dei tre sokna i Gulen + Solheim sokn, og ein prest får Solund sokn saman med Frøyset og Sandnes. Presten som kjem

frå Sunnfjord skal gjere teneste i alle desse sokna tilsvarande 40% stilling. Utfordringane med store reiseavstandar er der framleis, spesielt for den presten som bur i Solund og som også skal ha eit hovudansvar for Frøyset og Sandnes. Men lange reier er ikkje til å kome forbi, når personalressursane ikkje kan aukast.

I tillegg til dette vart den økonomiske situasjonen for bispedømet sterkt forverra våren 2016. Ein sterk lønsauke, kombinert med nye bestemmelsar om arbeidstid for prestane, gjorde at bispedømmeadministrasjonen kunngjorde at talet på prestestillingar i Bispedømet måtte reduserast med ca. 10, dvs. ein stilling i kvart prosti. Prosten ser det slik at denne reduksjonen no ikkje kan takast frå Gulen – Solund – Masfjorden, men frå dei meir tettbygde stroka i prostiet. I eit eige brev har prosten gjort framlegg om at denne stillinga vert teken frå Lindås kommune, noko som igjen fører til ei viss omorganisering av prestenestene i fleire sokn i Lindås, Meland, Radøy og Austrheim. Dette for å fylle opp «holet» etter den presten som vert borte.

## Konsekvensar

Omfanget av prestenester må stå i høve til talet på prestar i prostiet. Dette har vorte desto klårare etter at prestane fekk innført fast arbeidstid på 35,5 timar i veka. Når talet på prestar vert redusert, betyr det at presten er mindre deltakande i lokalsamfunna og lokalkyrkjelydane. Reduksjon av talet på prestar vert spesielt merka i dei grisgrendte stroka. Når det ikkje lenger er prest som bur i kommunen eller som har eit eineansvar for sokna i kommunen, er det ein gamal tradisjon som er broten.

Slik det er vist ovanfor, er ikkje noko nytt at ein med lokale midlar finansierer prestestillingar for å få meir lokal presteneste enn det som ein kan få finansiert frå sentrale midlar. Det har vore noko ulik kultur for dette i ulike deler av landet. I Rogaland har det vore relativt vanleg å utvide prestenesta med bruk av lokale midlar. I Bjørgvin bispedøme har vi gjennom dei siste åra hatt nokre få prestestillingar som fellestråda har medverka til å finansiere. I dag har vi i Nordhordland ein prestestilling som er fullt ut finansiert av Meland fellestråd. Austrheim har tidlegare hatt ein lokalt finansiert prestestilling, men har no ikkje sett seg i stand til det.

Dette var bakgrunnen for at prosten tok eit initiativ i høve til fellestråda og kommunane i Masfjorden, Gulen og Solund våren 2016. Med utgangspunkt i dei økonomiske rammene som bispedømet har, kan eg ikkje sjå at kommunane Masfjorden, Gulen og Solund med dei aktuelle prognosane for folketalsutvikling nokon gong vil få attende ein prest for kvar kommune betalt av sentral-kyrkjelege midlar. Men med positiv samarbeidsvilje frå bispedømet, kan dette vere mogeleg å få til dersom ein lokalt deltek med delfinansiering. Per i dag dreiar dette seg om ein halv stilling til saman for dei sokna Masfjorden, Gulen og Solund kommunar dekkjer.

Initiativet frå prosten vart drøfta 21. juni 2016 på eit møte i Brekke der ordførarar, kyrkjevevjer og fellestrådsleiingar frå dei tre kommunane deltok, samt stiftsdirektør Jan Ove Fjellveit frå bispedømekontoret. Der vart initiativet frå prosten diskutert etter hans innleiing. Ein var samde om at saka deretter skulle handsamast i dei respektive fellestråda. Dersom fellestråda ønskjer å delta i lokal delfinansiering av prestestillingane, må fellestråda innarbeide den summen dei treng i sine budsjettframlegg til kommunen. I denne prosessen må også fellestråda vurdere om dei vil omprioritere bruken av midlar dei alt har på sitt budsjett. I brev av 24.06.2016 til fellestråda i Masfjorden, Gulen og Solund skriv stiftsdirektøren at bispedømerådet er positive til å lyse ut ein ny stilling slik at kvar kommune kan få sin prest. Føresetnaden er at ein finn fram til ei ny finansiering av 50% stilling utanom dei ordinære presteressursane som bispedømet har. Stiftsdirektøren estimerer denne kostnaden til 400 000 kroner i året. Bispedømerådet vil kunne bidra med 50 000 som vert teke frå diakonale midlar på bispedømet sitt budsjett. Dermed står det att kr. 350 000 til deling på dei tre kommunane. Stiftsdirektøren gjer framlegg om Solund 70 000, Gulen 140 000 og Masfjorden 140 000. Men samstundes skriv han: «Initiativ til andre fordelingsnøklar lokalt vil vi overlate til dei

lokale fellestråda å handsame». Han seier at ved å sjå på dette som eit pilotprosjekt, vil bispedømerådet kunne medverke med noko meir midlar (50 000) enn dei elles ville kunne gjere.

Dersom dei tre fellestråda vil medverke til at ein kan få attende ein prestestilling for kvar av dei tre kommunane, må også fellestråda i tilsvarande grad kunne ha meiningar om kva prestetenester ein ønskjer i lokalsamfunna. Prosten tenkjer at det truleg er mest tenleg at det fulle arbeidsgjevaransvaret ligg hos bispedømerådet, men med lokal delfinansiering vil prosten i større grad enn no vere forplikta til å drøfte innhaldet i presten sin arbeidsplan med sokneråda.

Dersom fellestråda/kommunane ikkje finn at dei vil medverke, vil inntil vidare den gjeldande ordninga halde fram, med to prestar + 40% frå Sunnfjord. Eg ser at prestetenestene i området då må neddimensjonerast betydeleg. Ikkje minst fordi lange reiser brukar opp mykje av arbeidstida. Gudstenestetallet vil verte redusert, og nokre av kyrkjene vil ikkje få gudstenester utanom høgtider og særskilte høve.

Prosten er forplikta på å sjå til at prestane har forsvarlege arbeidstilhøve og at dei ikkje må arbeide ut over normert arbeidstid.

### Eit unikt prosjekt?

Det er ikkje unikt at kyrkjelydar og kommunar medverkar lokalt til å finansiere prestestillingar. Det har skjedd og skjer stadig også i Nordhordland prosti. Det som gjer Masfjorden – Gulen – Solund prosjektet spesielt, er at tre fellestråd/kommunar vil kunne samarbeide. Dette gjev nokre spesielle utfordringar, ikkje minst det å finne ein god fordelingsnøkkel. Her kan mange ulike argument nyttast, og prosjektet kunne kome til å stoppe opp fordi ein ikkje finn ein fordelingsmodell alle kan semjast om. Dette er bakgrunnen for at stiftsdirektøren har kome med eit konkret framlegg.

Prosjektet er også spesielt på den måten at ein gjennom eitt grep, med relativt liten investering, kan endre prestesituasjonen vesentleg i tre kommunar.

Bjordal, den 15. august 2016

Geir Sørebo

Kopi til sokneprestane, ordførarar og stiftsdirektør